

	<h2>Mandat for Personaltøyutvalet (PTU)</h2>
Kategori: Ledelse og styringssystem/Råd og utvalg	Gyldig fra/til:04.10.2024/04.10.2025
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Ledelse og styringssystem	Versjon: 1.03
Godkjenner: Askjell Utaaker	Mandat
Dok. ansvarlig: []	Dok.id: D70410

## Innhald

1	Mandat .....	1
2	Samansetjing .....	2
3	Organisering .....	2
4	Referansar.....	2
5	Forankring.....	2
6	Endringar sidan førre versjon .....	2

## 1 Mandat

Personaltøyutvalet skal vere eit rådgjevande organ for Drift/teknisk divisjon, og kan hente inn faglege råd frå relevante einingar i føretaket. Endelege avgjerder vert treft av Drift/teknisk divisjon.

Personaltøyutvalet skal i råda sine leggje vekt på at personaltøy er godt eigna som arbeidstøy, og ta omsyn til miljø og berekraft ved produksjon av tøyet og gjennom tøyet sin levetid.

Utvalet skal gje innspel ved forhandling av nasjonale rammeavtaler, ved utarbeiding av innkjøpsplanar, og ved val av modellar og kvalitetar for personaltøyet. Utvalet kan òg gje råd når det gjeld ulike sider ved drifta av personaltøyproduksjonen. Utvalet skal vere eit bindeledd til tilsette og einingar som er nyttar personaltøy, og skal sørge for at relevante saker vert drøfta i føretaket sine organ.

Personaltøyutvalet skal delta i sentrale prosessar knytt til avtaler og innkjøp, mellom anna:

- Utarbeiding av innspel til den regionale ressursgruppa i Helse Vest RHF i samband med forhandling av nasjonale rammeavtaler for innkjøp av personaltøy;
- Eventuelt føreslå særavtaler for innkjøp av personaltøy for Helse Bergen som supplement til nasjonale rammeavtaler;
- Gje innspel til løypande innkjøpsplaner innafor innkjøpsavtalene.

Personaltøyutvalet skal bidra til interne retningslinjer som gjeld produksjon og bruk av personaltøy, mellom anna:

- Kartlegge og formidle brukarerfaringar, til dømes ved å gjennomføre brukarundersøkingar;
- Gje innspel om drift av personaltøyproduksjonen, særleg knytt til distribusjon og logistikk;
- Vurdere førespurnader og ønske om personaltøy frå dei kliniske einingane;
- Vurdere og vedlikehalde interne retningslinjer om bruk av personaltøy.

Personaltøyutvalet kan òg ta opp saker på sitt området etter eige tiltak.

## 2 Samansetjing

Personaltøyutvalet skal vere samansett av:

- Ein representant oppnemnt av føretakstillitsvalde
- Ein representant oppnemnt av hovudverneombod
- To representantar for helsepersonell i klinisk verksemd
- Einingsleiar Hospitaldrift vaskeri og seksjonsleiar Tekstilforsyning

## 3 Organisering

Personaltøyutvalet har møte minst ein gong årleg og ved behov. FoU-avdelinga bistår med sekretariat.

Ordninga med utvalet vert evaluert seinast våren 2023.

## 4 Referansar

Interne referansar

Eksterne referansar

## 5 Forankring

## 6 Endringar sidan førre versjon

Forlenget gyldighet til 04.10.2025